

MAL for registrering av influensasjuka i Norsk intensivregister

Folkehelseinstituttet (FHI) har bede Norsk intensivregister (NIR) om hjelp til å finne ut kor mange av pasientane med influensa som treng intensivbehandling i influensasesonen. Dette er ein del av FHI sitt samfunnsoppdrag om influensaovervaking. Sidan 2016 har NIR derfor registrert samledata om talet på influensasjuka i kvar helseregion, og rapportert dette vidare til FHI kvar veke i influensasesonen. Dette har vore nyttige data, og frå og med influensasesonen 2018/2019 vart det difor innført eit elektronisk influensaskjema i MRS som skal fyllast ut for intensivopphald som fyller kriteria for NIR der det er mistenkt eller bekrefta influensa. Skjemaet ligg i MRS som tilknytt skjema, på same måte som skjema for beredskap og pårørandetilfredsheit.

Vår anbefaling er at ein på visitten kvar morgon i influensasesonen summerer opp om der er pasientar i eininga med bekrefta eller mistenkt influensa. For desse pasientane opprettar ein eit influensaskjema allereie ved innskriving, med dei opplysningane som ligg føre, og lar influensaskjemaet vere i kladd. Eit influensaskjema i kladd gjer at opphaldet vert synleg i rapporten til FHI allereie ved innskriving, noko som er viktig for å ha ein aktuell rapport om tilhøvet i einingane. Influensaskjema kan ferdigstillast når ein har alle nødvendige opplysningar, for eksempel i samband med at intensivskjemaet blir ferdigstilt. Kva tid influensaskjema blir ferdigstilt betyr mindre, så lenge ein har oppretta skjemaet raskt i samband med innlegging. Likevel oppmodar NIR om å ferdigstille alle skjema raskast mogleg etter utskriving, både fordi det er enklare for den som skal registrere data inn, og fordi data blir meir korrekte jo kortare tid det er frå opphald til registrering. Framgangsmåten for å bruke skjemaet er:

1. Logg inn i MRS og søk opp pasienten på vanleg måte (Sjå [mal for registrering i MRS](#))
2. Opprett skjema «Intensivopphold» og fyll inn dato og tidspunkt for innlegging.
3. Trykk «Avslutt skjemautfylling» (skjema blir då lagra), før du så trykkjer på namnet til pasienten for å gå til pasientsida.

The screenshot displays the 'Intensivopphold' (Intensive Care Stay) registration form in the MRS system. The interface includes a sidebar with navigation options such as 'Pasient, Test', 'Intensivregisteret', 'Komplikasjoner', and 'Diagnoser for oppholdet'. The main content area shows the form title 'Intensivopphold' and the section 'Intensivregisteret'. Two questions are visible: 'Har pasienten ligget > 24 t i intensivheten?' with radio buttons for 'Ja' and 'Nei', and 'Har pasienten fått mekanisk respirasjonsstøtte noen gang i løpet av hele oppholdet (CPAP/maskeventilasjon/overtrykksventilasjon)?' also with radio buttons for 'Ja' and 'Nei'. A red circle highlights the 'Avslutt skjemautfylling' button, indicating the next step in the process.

4. På pasientsida trykkjer du «Opprett nytt skjema» (oppe til høgre) veljar "influensaregistrering", og "neste".

Opprett nytt skjema: velg skjematype

Intensivopphold - v16 (2023) Flere versjoner mulig

- ↳ Spørreskjema om pårørendes tilfredshet med behandlingen - v14 (2023)
- ↳ **Influensaregistrering - v12**
- ↳ Beredskap - v11

Valgt pasient: **Pasient, Test (80163994953)** ✓

Valgt skjematype: **Influensaregistrering - v12**

Avbryt Forrige **Neste** Opprett nytt skjema

5. Du må så knyta til «Influensaregistrering» til hovedskjema «Intensivopphold» som du oppretta for denne innlegginga, og oppretta nytt skjema.

Opprett nytt skjema: velg hovedskjema

"Influensaregistrering" krever å være tilknyttet et eksisterende skjema for pasienten.

Skjemanavn	Skjemadato	Skjemaeier
Intensivopphold	24.09.2024	Kladd

Opprett nytt hovedskjema "Intensivopphold" som kladd

Valgt pasient: **Pasient, Test (80163994953)** ✓

Valgt skjematype: **Influensaregistrering - v12** tilknyttet skjema: Intensivopphold (v16) ✓

Avbryt Forrige Neste **Opprett nytt skjema**

6. Fyll inn kriteria for inklusjon i NIR (Sjå [mal for registrering i MRS](#))

Influensaregistrering

Visning: Skjema

Registrering

Har pasienten ligget > 24 t i intensivheten? Ja Nei

Har pasienten fått mekanisk respirasjonsstøtte noen gang i løpet av hele oppholdet (CPAP/maskeventilasjon/overtrykksventilasjon)? Ja Nei

Døde pasienten i løpet av de første 24 t på intensiv? Ja Nei

Ble pasienten overflyttet til annen intensivhet (ved eget eller annet sykehus) i løpet av de første 24 t? Ja Nei

Har pasienten fått infusjon av medikamenter for å endre hemodynamikk/sirkulasjon under oppholdet? Ja Nei

7. Dato og tidspunkt for mors, innlegging og utskriving skal fyllast inn i hovudskjema, og blir så automatisk henta opp i "influensaregistrering". «Liggetid» blir automatisk utregnet når tid for innlegging og utskriving er registrert.

Pasient

Morsdato

Innleggelse intensiv

Utskriving intensiv

Liggetid (døgn)

8. Vel om pasienten er overført under pågåande intensivbehandling eller ikkje (kan gjerast ved ferdigstilling)
- Frå anna intensiveining til di intensiveining
 - Frå di intensiveining til anna intensiveining
9. Vel status ut frå di intensiveining (kan gjerast ved ferdigstilling)
- I live eller død




Status ut vår intensivenhet ?

I live Død intensiv

10. Fyll inn den mest passende diagnosen. Hovudintensjonen er å skilje J10 frå J11. Vel relevant kategori, bruk underkategori etter kva organsystem som er hardast ramma viss opplysningar om det ligg føre. Diagnosekategoriane er:
- J10 Influenza som skyldes identifisert sesongvariabelt influensavirus
 - J10.0 Påvist influensavirus med pneumoni
 - J10.1 Påvist influensavirus med annen luftveissykdom
 - J10.8 Påvist influensavirus med annen organmanifestasjon
 - J11 Influenza som skyldes uidentifisert virus (Klinisk mistanke)
 - J11.0 Mistenkt influensavirus med pneumoni
 - J11.1 Mistenkt influensavirus med annen luftveissykdom
 - J11.8 Mistenkt influensavirus med annen organmanifestasjon

Ofte er det ved innlegging eit opphald der ein mistenker influensa hjå pasienten som registrast (Diagnosekode J11). Om influensa seinare vert påvist, endrar ein diagnosekode til J10 i samsvar med dette. Om ein ikkje påviser influensavirus, og etter kvart har liten mistanke om at pasienten hadde influensa, slettar ein influensaskjemaet. Om ein ikkje påviser influensavirus, men held fast på at ein klinisk ser influensa som mest sannsynleg diagnose, let ein J11 stå som diagnose.




Diagnose for oppholdet

ICD-10 ?


J11.0 Mistenkt influensavirus med pneumoni

11. Hak av dersom pasienten har fått ECMO behandling under dette intensivoppholdet. Dersom det er aktuelt, vil det komme opp nye felt for utfylling av tidspunkt for start og stopp av ECMO behandling.



The screenshot shows a form titled "Behandling". It contains a checked checkbox labeled "ECMO behandling under dette intensivoppholdet" with a help icon. Below this are two date and time pickers: "Start ECMO" and "Slutt ECMO", both with placeholder text "dd.mm.yyyy hh:mm" and a close button (X).

12. Har ein haka av under inklusjonskriterie "Mekanisk respirasjonsstøtte" vil ein òg få opp tidspunkt for start og stopp av mekanisk respirasjonsstøtte for utfylling. Når ein fyller inn tidspunkt vil det komme opp felt for om pasienten har fått invasiv, eller non-invasiv respirasjonsstøtte. Det er ønskeleg at type respirasjonsstøtte blir oppdatert fortløpande når pasienten går frå non-invasiv til invasiv respirasjonsstøtte, og omvendt. Dette seier noko om grad av alvor. Det er ikkje naudsynt å oppdatere skjema ved intermitterende NIV, altså oppdatering kvar gong ein gjev behandlinga. Det er overgangen NIV og invasiv behandling ein er ute etter. Reell non-invasiv og invasiv respirasjonsstøtte blir registrert i hovudskjema.



The screenshot shows the same "Behandling" form, but with the "ECMO behandling under dette intensivoppholdet" checkbox unchecked. A red circle highlights the "Start mekanisk respirasjonsstøtte" section, which includes a date and time picker (set to "24.09.2024 08:00"), a help icon, and radio buttons for "Invasiv respirasjonsstøtte" and "Non-invasiv respirasjonsstøtte". Below this is the "Stopp mekanisk respirasjonsstøtte" section with a date and time picker (placeholder "dd.mm.yyyy hh:mm") and a help icon. At the bottom, there is a "Varighet Mekanisk Support" section with a numeric input (set to "0") and a "timer" label.

13. Hak av for om pasienten har risikofaktor (ein eller fleire). Dette kan gjerast ved ferdigstilling. Risikofaktorar er definerte av det Europeiske kontoret for smittevern (ECDC), og inkluderer følgjande:

Pasienten har risikofaktor(er)

Hak av dersom pasienten har en eller flere av følgende risikofaktorer:

- Nåværende røyker
- Kreft
- Nedsatt immunforsvar, inkludert HIV
- Diabetes
- Hjertesykdom, inkludert hypertensjon
- Fedme (KMI >30)
- Astma
- Kronisk lungesykdom, unntatt astma
- Nyresykdom, inkludert nyresvikt
- Leversykdom, inkludert leversvikt
- Kronisk nevromuskulær sykdom
- Graviditet

Lukk